

Helsefelleskap Møre og Romsdal



Innkalling og sakliste		
Møte/utval:	Strategisk samarbeidsutval	
Møteleiar:	Tanja Thalèn	
Referent:	Eli Otterlei	
Møtenummer:	6/2024	
Dato:	18.12.24	
Tid:	0830-1130	
Stad:	Teams	
<i>Vara medlemar møter berre ved særskilt innkalling.</i>		
Namn	Tittel	Møtt
LSU Volda		
Ottar Røyset	Leiar LSU Volda Kommunalsjef Hareid kommune	
Siv Jensen, nestleiar SSU	Nestleiar LSU Volda Rådgjevar Klinikk Volda sjukehus	
LSU Ålesund		
Synnøve Vasstrand Synnes	Leiar LSU Ålesund Kommunalsjef Ålesund kommune	
Jørn Åge Longva	Nestleiar LSU Ålesund Avdelingssjef medisin Ålesund sjukehus	
LSU Molde		
Tanja Thalèn, Leiar SSU	Leiar LSU Molde Kommunalsjef Molde kommune	
Trude Solenes	Nestleiar LSU Molde Avdelingssjef, Klinikk SNR Molde sjukehus	
LSU Kristiansund		
Geir Nilsen	Nestleiar LSU Kristiansund, einingsleiar Aure	
Gudrun Karlsen	Leiar LSU Kristiansund, prosjektleiar DMS Kristiansund	
Brukarrepresentant kommune		
Helge Hansen	PROFO (Prostatakreftforeininga)	
Brukarrepresentant helseføretak		
Paula Næss Skår	Leiar Brukarutvalet HMR	
Fastlege/PK		
Stian Endresen	Fastlege Ulstein kommune Samhandlingsoverlege HMR	
Thilde Svela, fast vara	Fastlege Molde kommune, samhandlingslege	
Observatør Statsforvaltaren		
Karin Müller Mikaelson	Leiar helse og omsorg. Statsforvaltaren.	
Felles samarbeidssekretariat		
Eli Otterlei	Nestleiar Felles samarbeidssekretariat Samhandlingssjef HMR	
Karethe K. Aam	Rådgjevar i samhandlingsseksjonen HMR HF	

Helsefelleskap Møre og Romsdal



Bjørn Buan	Nordmøre IPR	
-----	Romsdal IPR	
Bodil Haugen Våge	Leiar Felles samarbeidssekretariat Kommunalt sekretariat (SR) Rådgjevar Helse Ålesund kommune	
Oddvar Marøy	Samhandlingskoordinator Søre Sunnmøre (SR) og "7 stjerna"	
Stian Endresen	Leiar praksiskonsulentordninga, fastlege Ulstein kommune	

Helsefelleskap Møre og Romsdal



Saksliste

Sak nr.	Sak	Tidsplan	Ansvarleg
41/24	Velkomne! Godkjenning av innkallinga. Innmelding av eventuelt saker. Godkjenning av referat frå sist møte, du finn det HER	0830	Tanja Thalén
42/24	Orienteringssak: Regionale samhandlingsmidlar i regi av HMN RHF, ved Gunn Hege Marchand, HMN	0840-0910	Gunn Hege Marchand, HMN
43/24	Orienterings- og vedtakssak: Behandling av søknadar om rekrutterings- og samhandlingstilskot. Rekruttering- og samhandlingstilskotet – presentasjon – utlysinga.	0915	Tanja Thalén Oddvar Marøy
	Orientering frå prosjekteigarane om prosjekta/søknadane: Prosjekt 01: PSHT Møre og Romsdal – presentasjon , ved prosjekteigar, 30 min inkludert spørsmål SSU takkar fororienteringa!	0915-0945	
	Prosjekt 02: Samhandlingsoptimalisering i Helseplattformen – presentasjon , ved prosjekteigar, 30 min inkludert spørsmål. SSU takkar for orienteringa!	0945-1015	
	Leiar for SSU gjer greie for arbeidet i vurderingsgruppa og opnar for spørsmål om prosessen , 15 min. SSU gjer vedtak om tildeling.	1015-1045	
	Beinstrekk	10 min	
44/24	Orienterings- og vedtakssak: Retningslinje for Felles handlingsplan - Oppfølging av Sak 27/24, SSU 11.09.24 Ref. Vedtak: <i>1. Utvalskritarier for tiltak som krev finansiering i form av det nasjonale rekrutterings- og samhandlingstilskot skal takast med i arbeidet for utarbeiding av rettleiar og mal for tilskotet, ref. SSU sak 25/24 (11.09).</i> <i>2. Det skal utarbeidast ei retningslinje som tydeleggjer korleis helsefelleskapet</i>	1055-1120	Tanja Thalén og Siv Jensen

Helsefelleskap Møre og Romsdal



	<p><i>arbeider med evaluering, statusrapportering og revisjon av Felles handlingsplan og som bygg på innspela frå SSU, ref. sak 20/24 (12.06) og sak. 27/24 (11.09).</i></p> <p>3. <i>Det skal utarbeidast ei retningslinje for FSUane i den hensikt å velje ut og spisse tiltak for Felles handlingsplan og som bygg på innspela frå SSU, ref. sak 20/24 (12.06) og sak. 27/24 (11.09).</i></p> <p>4. <i>Nestleiar og leiar for SSU utarbeider retningslinjer som beskrive i vedtak 2. og 3.</i></p>		
	<p>Møter 2025 – planlegging</p> <p>Teamsmøte 05.02.25: Konstituering av SSU - er avhengig av konstituering av LSUane.</p>	1120-1130	
	<p>Takk for møtet!</p>	1130	Tanja Thalén

Utval	Møtedato	Saksnr	Saksbehandlar/utval
SSU	18.12.2024	42/24	Gunn Hege Marchand, HMN Eli Otterlei

Sakstittel: Regionale samhandlingsmidlar i regi av HMN RHF

Forslag til vedtak: SSU tek orienteringa om nye regionale samhandlingsmidlar for 2025 i regi av Helse Midt Norge HF til orientering.

Saksutgreiing

Samhandlingsprosjekt som bidreg til å nå mål i Regional utviklingsplan, Nasjonal helse- og samhandlingsplan og/eller oppdragsdokument frå Helse- og omsorgsdepartementet kan søkje om midlar frå Helse Midt-Norge RHF. Sjå heile utlysningsteksten [HER](#):

Økt samhandling er en nøkkelfaktor for å møte dagens og framtidens utfordringer i helsetjenesten.

Helse Midt-Norge har i 2024 økt det regionale samhandlingsbudsjettet til fem millioner kroner for å hjelpe prosjekter som søker måloppnåelse innen Regional utviklingsplan, Nasjonal helse og samhandlingsplan og/eller oppdragsdokument fra Helse- og omsorgsdepartementet.

Både flerårige og ettårige prosjekt vil vurderes. Prosjektperioden er maksimalt tre år

Formelle krav til søknaden

- Prosjektene forutsetter samarbeid mellom flere helseforetak eller mellom helseforetak og en eller flere kommuner. Prosjekter mellom helseforetak og kommuner må forankres i helsefelleskap, men styres av et eller flere av regionens helseforetak.
- Søknaden skal være forankret på ledernivå, ved klinikkssjef.
- Søknaden må falle innenfor et eller flere av de definerte satsingsområdene.

Søknader som ikke oppfyller de formelle kravene vil ikke bli vurdert.

1.1. Satsingsområder

- Nye digitale løsninger inkludert brukerstyrt poliklinikk
- Prioriteringer i helsetjenesten inkludert reduksjon av uønsket variasjon
- De prioriterte pasientgruppene
- Personellbesparende tiltak
- Økt helse- og vurderingskompetanse i befolkningen
- Demografiske endringer

Helsefelleskap Møre og Romsdal



1.2. Vurderingskriterier

- Grad av samhandling
- Nytte for pasienter og ansatte i helsetjenesten
- Relevans for satsingsområdene
- Prosjektets kvalitet
- Gjennomførbarhet
- Beskrivelse av hvordan prosjektet skal sikre varig endring og videreføres etter prosjektperioden
- Hvordan partenes ressursinnsats i gjennomføring av tiltaket balanseres mot fremtidige besparelser og gevinster
- Hvordan brukermedvirkning sikres i prosjektet
- Spredning av prosjekter i ulike deler av regionen samt innen ulike satsingsområder og prioriterte pasientgrupper

Hvordan søke?

- Ansvarlig søker må være ansatt i et helseforetak i Helse Midt-Norge.
- Søknaden skal sendes inn via vårt digitale søknadskjema.
- [Lenke til søknadsskjema](#) (kun tilgjengelig via nettleseren Edge for ansatte i Helse Midt-Norge)
- [Søknadsskjema i PDF-format](#)

Søknadsfrist: 26.01.2025

Søknader som blir innsendt etter søknadsfristen vil *ikke* bli behandlet. Det gis ikke anledning til å utbedre eventuelle feil og mangler i søknaden etter søknadsfristen.

1.3. Obligatoriske vedlegg

[Prosjektbudsjett](#)

[Forankringsskjema fylt ut av klinikkjef](#)

1.4. Vurdering av søknader

Alle søknader som oppfyller formelle krav blir vurdert av samhandlingsteamet på Regionalt helseforetak Helse Midt-Norge supplert med representanter fra regionalt brukerutvalg og konserntillitsvalgte. Vurdering gjøres utfra overstående kriterier.

Søknadene skåres fra 1 til 5 på de ulike kriteriene, der 5 er høyest skår. Prosjekter som i snitt oppnår færre enn 3 poeng av komiteen anses som ikke støtteverdige, og vil ikke bli vurdert for innstilling til tildeling. Søkere anbefales å bruke vurderingskriteriene aktivt i utforming av søknaden.

Helsefelleskap Møre og Romsdal



1.5. Tildeling av midler

Tildeling skjer til det helseforetaket der ansvarlig søker er ansatt og øremerkes til prosjektet. Tildeling av midler er som hovedregel å anse som en delfinansiering som supplerer egen ressursinnsats.

Det er en forutsetning at midlene tas i bruk i løpet av de første seks månedene etter tildeling. Det er krav om årlig rapportering.

Det er et mål at prosjektet, eller deler av prosjektet, kan etableres i varig drift i foretaksgruppen etter at prosjektperioden er over.

Tilråding/konklusjon

SSU tek orienteringa om nye regionale samhandlingsmidlar for 2025 i regi av Helse Midt Norge HF til orientering.

Helsefelleskap Møre og Romsdal



Saksframlegg

Utval	Møtedato	Saksnummer	Saksbehandlar/utval
SSU	18.10.24	43/24	Karethe K. Aam/Felles samarbeidssekretariat

Sakstittel: Behandling av søknadar om rekrutterings- og samhandlingsmidlar

Forslag til vedtak:

Saksutgreiing

Helsefelleskap Møre og Romsdal har som kjent vorte tildelt nasjonale rekrutterings- og samhandlingsmidlar for året 2024 og 2025. Det har vore ei [utlysning](#) av tilskotet med søknadsfrist 01.12.24.

Bakgrunn og formål

Sak om rekrutterings- og samhandlingstilskot har innleiingsvis vorte handsama i møte i SSU 11.09.2024, sak 24/25 og 16.10.24, sak 35/24. Ein føreset difor at informasjon om regjeringa sin intensjon med tilskotsordninga er kjend og at SSU er kjend med [kriterier og vilkår for tildelingi](#) Helsefelleskap Møre og Romsdal basert på nasjonale føringar.

Saksopplysningar

Det kom inn to søknadar om rekruttering og samhandlingstilskot til helsefelleskapet innan fristen:

1. **PSHT Møre og Romsdal**
 2. **Samhandlingsoptimalisering i Helseplattformen**
1. Prosjektet **PSHT Møre og Romsdal** søker om til saman kr. 4.955. 000 i rekrutterings- og samhandlingstilskot for året 2025. Det er førespegla at prosjektet kjem til å søke tilskot også for året 2026.

Pasientsentrerte helseteam (PSHT) er tverrfaglege team som styrkar helsetilbodet til pasientar med komplekse behov gjennom ein kombinasjon av fysisk og digital tenesteyting. Teama jobbar på tvers av kommune- og spesialisthelseteneste for å sikre heilskaplege, samanhengande og pasientnære tenester. Ein viktig del av modellen er forsterka utskriving med fokus på kvalitet og oppfølging i overgangane mellom sjukehus og kommune.

PSHT Møre og Romsdal omfattar ei styrking og vidareutvikling av det allereie etablerte PSHT teamet mellom Klinikk Ålesund sjukehus og Ålesund kommune, samt ei nyetablering av eit PSHT team ved SNR Hjelseth og DMS Kristiansund og interkommunalt samarbeid med kommunane i nedslagsfeltet.

PSHT skal også fokusere på digitale verktøy (som til dømes kamerateknologi) og Helseplattformen for å styrke digital samhandling mellom kommunar , DMS og sjukehus.

Sjå vedlagt skildring av prosjektet for meir detaljert informasjon.

Helsefelleskap Møre og Romsdal



2. Prosjektet **Samhandlingsoptimalisering i Helseplattformen** søker om til saman kr 7.624.000 i rekrutterings- og samhandlingstilskot for åra 2025 og 2026. Det vert søkt om kr 2 963 000 for året 2025 og kr 4 661 000 for året 2026.

Målet med dette prosjektet er gevinstrealisering i form av betre samhandling og kommunikasjon mellom kommunar og helseføretak med Helseplattformen som felles journalløysing.

Som ein del av prosjektet ønskjer ein å få oversikt over område i dagens pasientforløp som bidreg til dårleg pasientoppleving, dobbeltarbeid, risiko for feil og plunder og heft. Ein vil utarbeide ideelle pasientforløp og arbeidsprosessar knytt til overgangar og kommunikasjon mellom kommune- og spesialisthelsetenesta for til dømes eldre multisjuka. Målet er optimal bruk av mogelegheitene i Helseplattformen i helseføretak og kommunar. Kommunar som har andre samhandlings- og pasientjournalssystem skal også kunne dra nytte av mange av tiltaka.

Prosjektet tek sikte på å jobbe i tre arbeidsstraumar ut i frå Molde, Ålesund og Kristiansund kommune i samarbeid med tilhøyrande sjukehus.

Sjå vedlagt skildring av prosjektet for meir detaljert informasjon.

Vurdering

Søknadane har vorte prevurdert i eit arbeidsutval 10.12.24. Arbeidsutvalet bestod av leiar og nestleiar i Partnerskapet, leiar og nestleiar i SSU, 2 brukarrepresentantar i tillegg til sekretariatet. Arbeidsutvalet har vurdert følgjande:

1. PSHT Møre og Romsdal

Oppfylld av kriterier:

- ✓ Prosjektet fremjar rekruttering og bruk av personell i helseregionen på tvers av tenestenivåa
- ✓ Prosjektet understøttar og bidreg til betre samhandling
- ✓ Eit godt fungerande PSHT kan bidra til å få ned ventetidene i sjukehus
- ✓ Prosjektet er retta særleg mot dei prioriterte gruppene skrøpelege eldre og kronisk multisjuka
- ✓ Prosjektet legg ikkje fullt ut til rette for lokale løysingar i opptaksområda til dei minste sjukehusa. Klinikk Volda sjukehus og kommunar i nedslagsfeltet er til dømes ikkje omfatta av prosjektet, heller ikkje kommunar i nedslagsfeltet til Klinikk Ålesund sjukehus utover Ålesund kommune

Oppfylld av krav:

- ✓ Prosjektet har ein framdriftsplan med ein plan for evaluering og implementering av PSHT modellen (arbeidspakke 5)
- ✓ Finansiering er skildra
- ✓ Eigeninnsats er skildra
- ✓ Prosjektet er forankra i fagleg samarbeidsutval for eldre multisjuka og palliasjon og felles handlingsplan
- ✓ Skjema for leiarforankring er lagt ved
- ✓ Prosjektet har plan for evaluering og rapportering

Helsefelleskap Møre og Romsdal



- ✓ Brukarmedverknad er nemnt, men korleis faktisk brukarmedverknad er tenkt kunne vore enda betre skildra.

Det nemnast i søknaden at ein vil ta kontakt med prosjektet “Integrerte helsetenester” mellom Ahus, kommunar og fastlegar og prosjektet “Vitality” i Vestfold med fleire for erfaringsdeling. Innhenting av erfaringar frå liknande prosjekt vil vere viktige bidrag til arbeidet.

2. Samhandlingsoptimalisering i Helseplattformen

Oppfylgning av kriterier:

- ✓ Prosjektet kan fremje rekruttering og bruk av personell i helseregionen på tvers av tenestnivåa. Samhandling og læring mellom helseføretak og kommunar om utvikling i Helseplattformen kan verke positivt på fagmiljøa og dermed rekruttering. I budsjettet er det planlagt å nytte ein betydeleg del av midlane til innleige/andre lønnskostnadar utan at dette er nærmare skildra. Dette kan evt. orienterast om direkte i SSU-møtet.
- ✓ Prosjektet understøttar og bidreg til betre samhandling
- ✓ Optimal bruk av Helseplattformen og eventuell forbetring av funksjonalitet i HP kan få ned ventetidene i sjukehusa
- ✓ Prosjektet skal fokusere på kommunikasjon og samhandling rundt dei prioriterte pasientgruppene
- ✓ Vurdering av om prosjektet legg til rette for lokale løysingar i opptaksområda til dei minste sjukehusa: Klinikk Volda sjukehus har Helseplattformen, og vil derfor kunne dra nytte av optimaliseringsgevinstar sjølv om Volda sjukehus ikkje direkte er ein del av prosjektet. Av kommunane på Søre Sunnmøre er det berre ei kommune som er på Helseplattformen (Vanylven). Prosjektsøknaden seier at kommunar med andre samhandling- og pasientjournalssystem enn Helseplattformen også vil kunne dra nytte av mange av tiltaka. Dette vil gjelde for kommunar på Søre Sunnmøre og andre kommunar som enda ikkje er på Helseplattformen.

Helsefelleskap Møre og Romsdal



De grønne kommunene har enten innført Helseplattformen (mørk grønn) eller bestemt seg for å innføre løsningen (lys grønn). Rødt kors viser sykehus som har innført Helseplattformen, mens grått kors viser sykehus som innfører løsningen i november 2024.

Oppfylging av krav:

- ✓ Prosjektet har ein framdriftsplan
- ✓ Prosjektet har ein plan for implementering og driftssetting
- ✓ Finansiering er skildra
- ✓ Eigeninnsats er skildra
- ✓ Prosjektet er forankra i fagleg samarbeidsutval for digitale tenester og e-helse
- ✓ Skjema for leiarforankring er lagt ved
- ✓ Prosjektet har plan for evaluering og rapportering
- ✓ Brukarmedverknad er nemnt, men korleis faktisk brukarmedverknad er tenkt kunne vore enda betre skildra.

Søkarane skriv at ein vil starte med å kartlegge og få oversikt over område i dagens pasientforløp som bidreg til dårleg pasientoppleving, dobbeltarbeid, risiko for feil og plunder og heft.

Ved å sikre like arbeidsprosessar og ei optimal bruk av mogelegheitene i Helseplattformen, vil ein bidra til heilskaplege pasientforløp med standardisert dokumentasjon og kommunikasjon.

Dette vil gi betre pasientopplevingar og ei meir berekraftig helseteneste for innbygarane i Møre og Romsdal.

Helsefelleskap Møre og Romsdal



Konsekvensar

Helsefelleskap Møre og Romsdal har fått ei eit tilskot på kr 8.564.000 for året 2024 og vil få det same for året 2025. Sidan SSU ikkje rakk å tildele midlar i 2024 har helsefelleskapet til saman kr. 17.128.000 i midlar for tildeling pr. 01.01.25. Dersom søknadane innvilgast vil ein tildele totalt kr 7.918.000 første året (2025), og kr 4.661.000 (Samhandlingsoptimalisering) + evt. vidare tilskot PSHT for året 2026:

Oversikt rekruttering- og samhandlingstilskot			
	Tilskot	Evt. innvilga prosjekt	
Rekruttering og samhandlingstilskot 2024	8 564 000,00		
Rekruttering og samhandlingstilskot 2025	8 564 000,00		
SUM 2024 og 2025	17 128 000,00		
1. PSHT Møre og Romsdal 2025		4 955 000,00	1 år
2. Samhandlingsoptimalisering i HP 2025		2 963 000,00	1. år
REST tilskot pr. 1.1.2025	9 210 000,00		
Rekruttering og samhandlingstilskot 2026?	8 564 000,00		
2. Samhandlingsoptimalisering i HP 2026		4 661 000,00	2. år
1. PSHT 2026?		?	2. år
Omsøkt tilskot til saman		12 579 000,00	
REST tilskot pr. 1.1.2026	13 113 000,00		

Tilråding/konklusjon

Saka leggast fram utan forslag til vedtak

Vedlegg:

Prosjektsøknad PSHT Møre og Romsdal
Skildring av prosjekt PSHT Møre og Romsdal
Skjema for leiarforankring

Prosjektsøknad Samhandlingsoptimalisering Helseplattformen
Skildring av prosjekt Samhandlingsoptimalisering Helseplattformen
Skjema for leiarforankring

Helsefelleskap Møre og Romsdal



Saksframlegg

Utval	Møtedato	Saksnr	Saksbehandlar/utval
SSU	18.12.24	44/24	Bjørn Buan /samarbeidssekretariatet

Sakstittel: Felles handlingsplan oppfølging sak 27/2024

Forslag til vedtak:

1. Forslag til felles retningslinje for felles handlingsplan for Helsefelleskap M&R er vedteke med umiddelbar verknad.
2. Samarbeidssekretariatet kunngjer vedtaket til dei faglege samarbeidsutvala og til LSUane.
3. Samarbeidssekretariatet ser til at retningslinjene kjem fram i komande handlingsplanar for dei faglege samarbeidsutvala og tek saka attende til SSU i 2025.

Saksutgreiing

SSU har handsama sak om evaluering og oppdatering av vedtatt felles handlingsplan i møte i juni og i september 2024. I SSU sitt møte 11.09.2024 vart det drøfta

- *Korleis FSU skal velje ut og spisse tiltak til felles handlingsplan*
- *Kriterier for tildeling av rekrutterings- og samhandlingstilskot*
- *Ansvar for revisjon av handlingsplanar*
- *Metodikk og gjennomføring av statusrapportering»*

I møtet 11. 09.2024 fatta SSU vedtak om at:

1. Utvalskritariar for tiltak som krev finansiering i form av det nasjonale rekrutterings- og samhandlingstilskot skal takast med i arbeidet for utarbeiding av rettleiar og mal for tilskotet, ref. SSU sak 25/24 (11.09).
2. Det skal utarbeidast ei retningslinje som tydeleggjer korleis helsefelleskapet arbeider med evaluering, statusrapportering og revisjon av Felles handlingsplan og som bygg på innspela frå SSU, ref. sak 20/24 (12.06) og sak. 27/24 (11.09).
3. Det skal utarbeidast ei retningslinje for FSUane i den hensikt å velje ut og spisse tiltak for Felles handlingsplan og som bygg på innspela frå SSU, ref. sak 20/24 (12.06) og sak. 27/24 (11.09).
4. Nestleiar og leiar for SSU utarbeider retningslinjer som beskrive i vedtak 2. og 3.

Utkast til retningslinje følgjer i vedlegg til saka.

Konsekvensar: Vedtaket inneber tydelegare styring, rammer og retning for dei faglege samarbeidsutvala utan vesentlege meirkostnader. Gevinster ligg i høgare kvalitet i planane så vel som i resultat av arbeidet.

Tilråding/konklusjon

SSU fattar vedtak slik det ligg føre.

Vedlegg til saka

Retningsline for arbeid med felles handlingsplan i Helsefellesskap Møre og Romsdal

Føremålet med denne retningslinja er å:

- Skildre korleis dei faglege samarbeidsutvala (FSU) skal prioritere tiltak til felles handlingsplan i helsefellesskap Møre og Romsdal,
- Skildre korleis FSU skal evaluere tiltak i felles handlingsplan og rapportere til Strategisk samarbeidsutval (SSU).
- Skildre korleis SSU årleg skal følgje opp evaluere felles handlingsplan, prioritere mål og tiltak og vedta felles handlingsplan for Helsefellesskap Møre og Romsdal.

Forankring i revidert samarbeidsavtale:

Jf. Samarbeidsavtalen 2025 punkt 5.2.3 har Strategisk samarbeidsutval (SSU) mellom anna følgende oppgåver:

- d) SSU skal definere mål og utvikle strategiar for framtidens helseteneste.
- d) SSU har ansvar for å vedta og evaluere felles handlingsplan i helsefellesskap Møre og Romsdal.
- d) SSU skal mot slutten av året prioritere mål og tiltak til felles handlingsplan for neste år.

Jf. Samarbeidsavtalen 2025 punkt 5.4.3 har Faglege samarbeidsutval (FSU) desse oppgåvene:

- f) Utvikle framtidens helseteneste innan sitt fagområde
- f) Utarbeide og prioritere mål og tiltak som skal inn i felles handlingsplan for Helsefellesskap Møre og Romsdal. Handlingsplanen skal høyrast og forankrast i dei lokale samarbeidsutvala (LSU) og vedtakast i SSU.
- f) Ved behov utarbeide framlegg til retningslinjer for god samhandling.
- f) I arbeid med handlingsplan, pasientforløp og retningslinjer for samarbeid, der det er relevant, ha fokus på:
 - førebygging og helsefremming
 - diagnostisering
 - behandling
 - rehabilitering/habilitering
 - IKT- løysingar og digital samhandling
 - kompetanse og opplæring
 - forskning og utdanning

Helsefelleskap Møre og Romsdal



- lærings- og meistringstilbod
- medverknad frå pasient, brukar og pårørande
- f) Formidle informasjon til kommunane og helseføretaket for implementering av tiltak.
- f) Samarbeide med tilsvarande faglege utval i Midt-Norge.

Metodikk i arbeid med felles handlingsplan

Grunnlaget for arbeidet er «Modell for kvalitetsforbetring» frå Kunnskapssenteret.

Innhaldsforteiing i handlingsplanar bør følgje sirkelen.

FSU: retningsline for arbeid med tiltak til felles handlingsplan

Målet med retningsline er at det er felles forventingar til FSUane sitt bidrag i arbeidet med felles handlingsplan.

Dei faglege samarbeidsutvala i helsefelleskapet har jf. Samarbeidsavtalen viktige oppgåver både når det gjeld eigen handlingsplan og fagleg innhald i denne, men også ved å bidra til felles handlingsplan, samt sikre brukarmedverknad og implementering av tiltak.

Kvart FSU har sin eigen handlingsplan. I tillegg har Helsefelleskapet ein felles handlingsplan, som består av prioriterte tiltak frå FSUane sine handlingsplanar.

Når eit tiltak vert prioritert til handlingsplanen FSU, er det forventa at tiltaket er vurdert etter følgjande kriteriar:

- Tiltak er knytta til ei eller fleire prioriterte pasientgrupper.
- Tiltak gir gevinstrealisering for partane i Helsefelleskapet.
- Tiltak svarer ut mandatet til FSU, jf. Samhandlingsavtalen.
 - o Tiltak har plan for implementering i kommunar og HF med involvering av eit eller fleire LSU.
 - o Vurdere samarbeid med tilsvarande fagråd i helse Midt-Norge.
 - o Utarbeide eigen handlingsplan, for kvart FSU, i form av oversikt over aktuelle tiltak for dei neste to år.
 - o Retningslinjer og handlingsplan godkjennast av SSU annakvart år.
- Tydelege, konkrete mål- og tiltaksformuleringar gjennom bruk av SMART-kriteriar:
 - o Spesifikt
 - o Målbart
 - o Oppnåeleg
 - o Relevant
 - o Tidsbestemt
- Plan for evaluering av tiltak

Helsefelleskap Møre og Romsdal



Når tiltak frå handlingsplanen til FSU vert løfta inn i felles handlingsplan, bør følgjande moment brukast til spissing og prioritering:

- Kwart FSU kan ikkje ha fleire enn tre tiltak i felles handlingsplan samtidig.
- Kwart FSU prioriterer årleg tiltak til felles handlingsplan. Ved fleire tiltak sender FSU i prioritert rekkefølge.
- Prioriter tiltak som:
 - o Har størst samhandlingsgevinst for pasient og pasientforløp
 - o Har størst effekt for flest
 - o Har reell brukarmedverknad
 - o Er gjennomførbart

Om tiltak krev finansiering:

Tiltak må oppfylle kriteriar for tildeling av aktuelt tilskot:

- sentrale tilskot
- [rekrutterings- og samhandlingstilskot i Helsefelleskapet i Møre og Romsdal](#)
- Samhandlingsmidlar frå Helse-Midt frå 2025, meir informasjon kjem

Brukarmedverknad:

- Kwart FSU har brukarrepresentantar, slik at brukarperspektivet vert ivaretatt gjennom ordinær møtebehandling i FSU.

Helsefelleskapet: retningsline for arbeid med felles handlingsplan

Felles handlingsplan er eit samledokument med føreslåtte tiltak henta frå handlingsplanane til dei faglege utvala. Felles handlingsplan er bygd opp etter trafikklysmoellen, og SSU prioriterer tiltak for komande år ut i frå tilrådingar frå kvart av FSU'ane. Felles handlingsplan skal bestå av 1-3 prioriterte tiltak frå kvart FSU.

Evaluering av tiltak i gjeldande handlingsplan og innstilling til prioritering av tiltak i felles handlingsplan for neste år, skal skje årleg før siste møtet i SSU før jul. SSU vurderer innstillinga og vedtek felles handlingsplan for året som kjem.

Tiltak i felles handlingsplan skal merkast med desse fargekodane alt etter kvar ein er i prosessen:

Ikkje gjennomført	Red
Under planlegging/arbeid	Yellow
Gjennomført	Green

Evaluering og statusrapportering av tiltak i Helsefelleskapet sin felles handlingsplan

Helsefellesskap Møre og Romsdal

HELSE MØRE OG ROMSDAL



- Det evaluerast ut ifrå punkt 4 i modell for kvalitetsforbetring mot slutten av året.
- FSU har ansvar for oppfølging av eigen handlingsplan og kommunikasjon med LSU og SSU.
- Leiar FSU har redigeringstilgang i Helsefellesskapet sin felles handlingsplan (Teams) og har ansvar for rapportering.
 - o Statusrapportering ved bruk av triagering av tiltak (fargekoder).
 - o FSU rapporterer til SSU på status på gjennomføring av tiltak x 2 årleg. Dette skjer innan utgangen av første halvår og innan utgangen av siste halvår.
 - o Før det årets siste møtet i SSU skal faglege utval levere ei skriftleg evaluering av tiltaka som var prioritert for felles handlingsplan i året som var, og prioritere maks 3 tiltak til felles handlingsplan for neste år. Dette kan og vere ei vidareføring av ikkje avslutta tiltak. Leiar og nestleiar i FSU'ane blir invitert til det siste møtet i SSU for å legge fram si evaluering og prioritering.
- Samhandlingssekretariat publiserer oppdatert felles handlingsplan på Helsefellesskapet sin nettstad 2 x årleg, etter statusrapportering frå FSU.
- Samhandlingssekretariatet gir støtte til FSU og sikrar lik praksis

Revisjon av Helsefellesskapet sin felles handlingsplan

SSU svarer ut punkt 5.2.3 b), c) og d), jf. Samhandlingsavtalen, på følgjande vis:

- Godkjenner FSU handlingsplanar annakvart år.
- Utarbeider årleg felles handlingsplan som bygger på prioriterte tiltak frå kvart FSU.
- Forankrar arbeid med felles handlingsplan i årshjul.
- Tak ansvar for samanstilling av Helsefellesskapet sin felles handlingsplan:
 - o Arbeidsgruppe er samansett av sekretariat Helsefellesskapet, leiar og nestleiar SSU, brukarrepresentant.
 - o Sekretariat Helsefellesskapet er dokumentansvarleg.